

Til : Hengjos Venner v/ Terje Nilsen
5334 HELLESØY

Frå : Gode Sirklar AS

Dato: 30.09 2015

NOTHENGJO PÅ HELLESØY - UTTALE FRÅ GODE SIRKLAR

Gode Sirklar har god kjennskap til Liv og Lyst prosjektet på Hellesøy og Hengjos Venner sine planer for nothengjo på Hellsøy.

Prosjektet 5334 Hellesøy – her vil med leva og bu – «at the end of the road» er ein visjon som skal verkeliggjöras med endringar av Hellesøy Hamn og det nære landemerke Hengjo. Visjonen omfattar moglegheit for å jobbe heime ved havet og sjøen, å skape 5334 Hellesøy om til ein "Sørlandshamn" beståande av naust, rorbuer og hus i sjøkanten, med Hengjo som et nyrestaurert signalbygg ved innseglinga til Hellesøy hamn. Konkret er målsetjinga å få laga Hengjo til eit fleirbruksbygg som inneheld både kultur- og næringsaktivitetar. Hengjos Venner har ei rekkje ulike døme på aktivitetar og innhald i bygget som kan gje ringverknader lokalt og regionalt.


I regionen er det nylig gjort ei forstudie om "Kystopplevelser i Hordaland", samtidig som det er satt i gong arbeid med å sjå på kva slags moglegheiter Sykkel VM 2017 og ei ny båt rute frå Øygarden til Nordhordland gjev. Frå før har mange av aktørane samla seg under felles marknadsføring gjennom Kysteventyret. Aktørane ser på korleis dei kan utvikle samarbeidet sterkare, og korleis dei saman kan utvikle nye produkt. Målsetjinga med å ha Hengjo bruksklar til VM 2017 er difor god.

Når det kjem til det å skape ringverknader, vil Hengjo sjølvsagt gje lokale verknader fyrst. Men på noko lengre sikt, og om ein føreset eit sterkare regionalt samarbeid, vil Hengjo kunne ta ein posisjon på nordenden av Øygarden – fyrst og fremst som eit aktivitetssenter i området, som kan huse ei rekkje ulike aktivitetar.

Ein føresetnad for at ringverknader skal skapast, er at organisering og drift av anlegget vert bærekraftig. Øygarden kommune er no eigar av Hengjo, medan Kystmuseet er forvaltar av egedomen. Samstundes utgier Hengjos Venner den lokale drivkrafta for utvikling av anlegget. Det er dei som skal sørge for aktivitet og innhald. Om ein skal lukkast med prosjektet meiner vi at det må baserast på at dette samarbeidet fungerer i framtida når ein er komen i varig drift av anlegget. Dialogen mellom partane er god og det ligg godt til rette for at avtaler og roller kan avklarast på ein god måte.

Gode Sirklar støtter opp om prosjektet og vil bidra ut frå dei behov som prosjekteigarane har.

Med venleg helsing


Arnt Ivar Kverndal
Prosjektleder i Gode Sirklar AS
(Framtidsstudien i Øygarden)